

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 22.02.2018
Møtetid: Kl. 16:00 - 17:45
Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Aadland, Nils	A
Boge, Harald	A
Gåsdal, Brigte Olav	A
Tveiterås, Vidar	A
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Haugen, Martin	BL
Markhus, Anja Elisabeth Gjerde	BL
Tveit, Lena	BL
Vassenden, Solveig	BL
Bruvik, Gunnar J.	FRP
Haga, Odd Arne	FRP
Kollbotn, Karl Bård	FRP
Røen, Arild	H
Tveit, Sture	H
Aasgaard, Inge	KRF
Strømmen, Øyvind	MDG
Røen, Øyvind	SP
Tjønnå, Monica	SP
Bogevik, Jon Magne	UAVH

Desse medlemmene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Moss, Gunn Totland	KRF	Jørgensen, Kristian	KRF

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Rådmann Charlotte Hageberg
- Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge
- Rådgjevar Jan Erik Boge
- Avdelingsleiar sørvissester Marianne Soleng

Møteleiar:	Frøland, Knut Harald
Møtesekretær:	Boge, Jan Erik

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 23.02.2018

Frøland, Knut Harald
ordførar

Boge, Jan Erik
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2018	18/173	Faste saker	
002/2018	16/1011	Godkjenning av møteplan for 2018	
003/2018	18/20	Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2017	
004/2018	15/936	Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved behandling av politiske saker	
005/2018	15/24	Godkjenning av byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane	
006/2018	17/231	Godkjenning av byggerekneskap for ny vegtrase til Totræna	
007/2018	13/161	Godkjenning av byggerekneskapen for nytt bibliotek på Bjørkheim	
008/2018	17/688	Mogleghetsstudie for fleibrukshall og oppretting av hallnemnd	

SAKNR. 001/2018: Faste saker

22.02.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling, sakliste eller protokoll frå førre møte.

Orienteringssaker:

Orientering frå ordførar Knut Harald Frøland (Bl) om status for saka "Tilleggsvedtak Børdalen - Kommuneplanen sin arealdel 2017-2027". Han orienterte om bakgrunnen for at saka ikkje kom opp i kommunestyret 22.02.2018, slik det vart varsla om i møteinnkallinga. Denne orienteringa vart halden etter handsaminga av sak 008/2018.

Utvalet sitt kvarter:

Sonestruktur i Hordaland

Øyvind Strømmen (Mdg) orienterte om møte i fylkesutvalet 22.02.2018, der sonestruktur for Hordaland vart vedteke. Samnanger er som venta plassert i sone 6, saman med mellom anna Kvam og Vaksdal.

Status bygging av nytt bufellesskap på Skottebakken

Spørsmål frå Arild Røen (H) om status for bygging av nytt bufellesskap på Skottabakken. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at søknad til Husbanken vart sendt 22.02.2018.

Helse Orange Vest

Monica Tjønnå (Sp) stilte spørsmål om Samnanger brukar Helse Orange Vest eller andre tilsvarande firma. Administrasjonen kunne ikkje svara på dette i møtet, men vil undersøkje spørsmålet og koma tilbake til dette.

Notat frå kontrollutvalet om vegtilkomst til Fjordtønna

Brigt Olav Gåsdal (A) orienterte om notatet (som var vedlagt møteinnkallinga til kommunestyret 22.02.2018) og om kontrollutvalet si grunngjeving for det som er skrive i notatet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 001/2018 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 002/2018: Godkjenning av møteplan for 2018

22.02.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (Mdg) spurde om det er mogleg å flytta kommunestyret sitt juni-møte ei veke (framover eller bakover), på grunn av kollisjon med andre møte han skal vera med på.

Kommunestyret diskuterte dette, men det vart ikkje sett fram framlegg om endringar i møteplanen.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 002/2018 Vedtak:

Framlegget til møteplan for 2018 vert vedteke. Det enkelte organ (formannskap, utval, råd) får fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av 2018 dersom det er behov for dette.

Frå og med 2018 skal det i kommunestyret sitt desembermøte leggast fram sak om møteplan for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret skal der vedta møteplanen for desse organa for det komande året. Det enkelte organet skal ha fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av året dersom det er behov for dette. Kontrollutvalet, som har eige sekretariat som ikkje har tilknytning til kommuneadministrasjonen, fastset møteplanen sin sjølv.

Som følgje av vedtaket vert punkt 21 i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl. endra, ved at første setning i punktet vert teken vekk og erstatta med innhaldet i teksten i avsnittet ovanfor.

01.02.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp) spurde om kvifor det ikkje er sett av to dagar til budsjettmøte i formannskapet hausten 2018. Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at dette skuldast endringar i gjennomføringa av budsjettprosessen i forhold til tidlegare år.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 002/2018 Vedtak:

Framlegget til møteplan for 2018 vert vedteke. Det enkelte organ (formannskap, utval, råd) får fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av 2018 dersom det er behov for dette.

Frå og med 2018 skal det i kommunestyret sitt desembermøte leggjast fram sak om møteplan for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret skal der vedta møteplanen for desse organa for det komande året. Det enkelte organet skal ha fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av året dersom det er behov for dette. Kontrollutvalet, som har eige sekretariat som ikkje har tilknytning til kommuneadministrasjonen, fastset møteplanen sin sjølv.

Som følgje av vedtaket vert punkt 21 i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl. endra, ved at første setning i punktet vert teken vekk og erstatta med innhaldet i teksten i avsnittet ovanfor.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegget til møteplan for 2018 vert vedteke. Det enkelte organ (formannskap, utval, råd) får fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av 2018 dersom det er behov for dette.

Frå og med 2018 skal det i kommunestyret sitt desembermøte leggjast fram sak om møteplan for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret skal der vedta møteplanen for desse organa for det komande året. Det enkelte organet skal ha fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av året dersom det er behov for dette. Kontrollutvalet, som har eige sekretariat som ikkje har tilknytning til kommuneadministrasjonen, fastset møteplanen sin sjølv.

Som følgje av vedtaket vert punkt 21 i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl. endra, ved at første setning i punktet vert teken vekk og erstatta med innhaldet i teksten i avsnittet ovanfor.

SAKNR. 003/2018: Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2017**22.02.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Leiar i kontrollutvalet, Brigit Olav Gåsdal (A), orienterte innleiingsvis kort om årsmeldinga og om planlagt kurs i forebygging av korrupsjon.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 003/2018 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2017.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2017.

SAKNR. 004/2018: Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved behandling av politiske saker**22.02.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 004/2018 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til reglar/rutinar for vurdering av gildskap ved handsaming av politiske saker vert vedteke, og vert vedlegg til Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet.

01.02.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Olaug Øystese (A) spurde om spørsmåla i notatet frå kontrollutvalet som låg ved saka, skal handsamast av formannskapet eller kommunestyret. Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at notatet vart lagt fram for kommunestyret 20.09.2017 og ikkje skal handsamast ut over dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 004/2018 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til reglar/rutinar for vurdering av gildskap ved handsaming av politiske saker vert vedteke, og vert vedlegg til Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til reglar/rutinar for vurdering av gildskap ved handsaming av politiske saker vert vedteke, og vert vedlegg til Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet.

SAKNR. 005/2018: Godkjenning av byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane

22.02.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) sa at ho i samband med opninga av idrettsanlegget hadde fått opplyst at kostnaden var om lag 9 millionar kroner, men at kostnaden i byggerekneskapen er 11 millionar. Ho spurde om kva denne differansen skuldast. Administrasjonen kunne ikkje svara på dette spørsmålet i møtet.

Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig) stilte spørsmål om det som står om bruk av "unytta lånemidlar" på side 33 i sakspapira/møteinnkallinga. Han spurde kva unytta lånemidlar dette er. Administrasjonen kunne ikkje svara på dette i møtet. Leiar i kontrollutvalet, Brigit Olav Gåsdal (A), orienterte om at gjennomgangen av byggerekneskapen viser at prosjektet er gjennomført i samsvar med vedteke budsjett/vedtekne rammer.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 005/2018 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for idressanlegget i Hagabotnane.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for idressanlegget i Hagabotnane.

SAKNR. 006/2018: Godkjenning av byggerekneskap for ny vegtrase til Totræna

22.02.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) orienterte om at det er i ferd med å bli oppretta veglag. Han orienterte òg om at skianlegget i Totræna er svært mykje brukt og at det til tider er utfordringar med parkering både på den nye parkeringsplassen i Totræna og ved vassrenseanlegget i Myra.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 006/2018 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskapen for ny veg til Totræna,

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskapen for ny veg til Totræna

SAKNR. 007/2018: Godkjenning av byggerekneskapen for nytt bibliotek på Bjørkheim

22.02.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 007/2018 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskapen for nytt bibliotek på Bjørkheim.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskapen for nytt bibliotek på Bjørkheim.

SAKNR. 008/2018: Mogleghetsstudie for fleibrukshall og oppretting av hallnemnd

22.02.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg:

"Mogeleghetsstudie for bygging av fleibrukshall og oppretting av hallnemnd

Det vert etablert ei hallnemnd, samansett av følgjande representantar:

- Éin representant frå SIL*
- Éin representant frå FAU*
- Teknisk forvaltningssjef (sekretær)*
- Ordførar (leiar)*
- Éin representant frå kvar av dei kommunestyregruppene – utanom Bygdalista – som ønskjer å vera med i nemnda. Gruppene melder til ordførar innan 27. mars om dei vil vera representerte i nemnda og ev. kven denne representanten er.*

Hallnemnda skal inngå avtale med konsultentselskap/rådgjevar for utforming av ein moglegheitsstudie. I denne studien må det òg vera med ei vurdering av driftsmåte og -kostnader. Hallnemnda rapporterer til formannskapet."

Brigt Olav Gåsdal (A) sette fram følgjande tilleggsframlegg til Monica Tjønnå sitt framlegg:

"Tillegg: Som framlegget frå Monica Tjønnå med slikt tillegg: Ein representant frå ungdomsrådet."

Monica Tjønnå sette fram følgjande tilleggsframlegg til sitt eige framlegg, inkl. Brigt Olav Gåsdal sitt tilleggsframlegg:

"Økonomisk ramme for arbeidet er 1 millionar kroner".

Inge Aasgaard (Krf) sette fram følgjande framlegg:

"Som framlegget frå rådmannen, med følgjande tillegg; Økonomisk ramme er sett til 1.000.000 kr."

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønnå (Sp) fram følgjande reviderte framlegg, på vegner av seg sjølv, Øyvind Røen (Sp), Brigte Olav Gåsdal (A) og Inge Aasgaard (Krf):

"Moglegheitsstudie for bygging av fleirbrukshall/idrettshall og oppretting av hallnemnd

Det vert etablert ei hallnemnd, samansett av følgjande representantar:

- Éin representant frå SIL
- Éin representant frå FAU
- Teknisk forvaltningssjef (sekretær)
- Ordførar (leiar)
- Éin representant frå Ungdomsrådet
- Éin representant frå kvar av partia som er representert i kommunestyret – utanom Bygdalista – som ønskjer å vera med i nemnda. Partia melder til ordførar (som her representerer BL) innan 27. mars om dei vil vera representerte i nemnda og ev. kven denne representanten er.

Hallnemnda skal inngå avtale med konsulentselskap/rådgjevar for utforming av ein moglegheitsstudie. I denne studien må det òg vera med ei vurdering av driftsmåte og -kostnader.

Hallnemnda rapporterer til formannskapet.

Økonomisk er satt med øvre ramme på kr. 1.000.000,-"

Inge Aasgaard og Brigte Olav Gåsdal trekte samstundes tilleggsframlegga som dei hadde sett fram før gruppemøtet.

I røytinga fekk rådmannen sitt framlegg sett opp mot det reviderte framlegget frå Monica Tjønnå, Øyvind Røen, Brigte Olav Gåsdal og Inge Aasgaard. Det sistnemnde framlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 008/2018 Vedtak:

Moglegheitsstudie for bygging av fleirbrukshall/idrettshall og oppretting av hallnemnd

Det vert etablert ei hallnemnd, samansett av følgjande representantar:

- Éin representant frå SIL
- Éin representant frå FAU
- Teknisk forvaltningssjef (sekretær)
- Ordførar (leiar)
- Éin representant frå Ungdomsrådet
- Éin representant frå kvar av partia som er representert i kommunestyret – utanom Bygdalista – som ønskjer å vera med i nemnda. Partia melder til ordførar (som her representerer BL) innan 27. mars om dei vil vera representerte i nemnda og ev. kven denne representanten er.

Hallnemnda skal inngå avtale med konsulentselskap/rådgjevar for utforming av ein moglegheitsstudie. I denne studien må det òg vera med ei vurdering av driftsmåte og -kostnader.

Hallnemnda rapporterer til formannskapet.

Økonomisk er satt med øvre ramme på kr. 1.000.000,-

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen rår til at det vert etablert ein hallnemnd, som består av følgjande representantar :

- Representant frå SIL
- Representant frå FAU
- Teknisk forvaltningssjef (sekretær)
- 3 representantar frå politisk
- Ordførar (leiar)

Hallnemnda skal inngå avtale med konsultentselskap/ rådgjevar for utforming av moglegheitsstudie.
Hallnemnda rapporterer til formannskapet.